



Solveig Gunvor Tveit
Vestbygdvegen 314
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/348 - 18/2767

Saksbehandlar:
Per Atle Sæle
per.atle.sale@meland.kommune.no

12.02.2018

Retting av eigedomsgrenser mellom gnr 11 bnr 20 og bnr 22

Syner til Dykkar krav om retting d. 07.02.2018.

Meland kommune har retta opp grensa mellom gnr 11 bnr 20 og 22 i samsvar med skyldskifte for gnr 11 bnr 22. Vi gjer merksam på at retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggjande som «usikker» grense i kartet, men eigedomen sin storleik og plassering vil vera meir rett enn tidlegare. I følgje skyldskiftet til 11/22 skal grensa gå «på vestsida av gardsvegen Stokke-Sjursen». Grensene til 11/20 låg tidlegare som ein «sirkeleigedom» i matrikelkartet. Dette er no retta opp slik at gardsvegen og arealet aust for denne vert liggjande på 11/20.

Vedlagt følgjer nytt matrikelkart for 11/22 saman med eit kartutsnitt som viser dei retta grensene. Nytt matrikelkart for 11/20 vert sendt representant for eigarane av 11/20.

I samsvar med matrikellova §26 og §46 vert de informert om rettinga, og har høve til å klaga på matrikelføringa. Klagefristen er tre veker.

Med helsing

Per Atle Sæle
avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

11_22matr
11_22sit1
11_20_22retting

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

